

Osterøy kommune  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg

Hauge, 29.06.2023

**Kommunen sitt saksnummer: 19/28 78**

**Søknad om endring av løyve – driftsbygning på gnr. 54 bnr. 5 i Nedre Mjelde**

Vedlagt ligg søknad om endring av løyve som er gjeve til å føra opp driftsbygning. Etter utgraving av tomte ser ein at ei endra plassering vil gje betre terrengetilpassing og mindre sprenging. Tiltakshavar ynskjer derfor å plassere bygget lenger mot vest og legga bygget om lag 1m høgare i terrenget, sjå situasjonsplan. Ein ynskjer òg å redusera storleiken på bygget, då ein ser at det er stort nok i forhold til behovet.

Med eit mindre bygg vart det aktuelt å bygga i tre framfor stål, og med saltak og trekledning har driftsbygningen no fått eit meir tradisjonelt uttrykk.

Formålet er i hovudsak som før, ein driftsbygning med lagring av høy, traktor og andre reiskapar. Ein mindre del skal nyttast til stall for opptil to hestar. Vedlagt ligg svar på førespurnad til kommunen i forhold til dette. Det vil verta bygd ein tett gjødselkum dimensjonert etter antall hestar.

Naboar er varsla og det er ingen merknader.

Garden er sidan førre søknad vorte overdratt frå Magnus Mjelde til Johannes Mjelde, og Johannes Mjelde er dermed ny tiltakshavar.

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing  
Helge Rød A/S

  
Synnøve Tveiterås